



Anna Hellstrøm

Vår ref.:
23/1786

Saksbeh.:
KVE

Ark.:
K2-L12, PLANID-
2022002173, GBNR-
87/183

Dykkar ref.:

Dato:
18.01.2023

Oppstartmøte - reguleringsplan for Djupvika avløpsanlegg Referat - 13.01.2023

Tiltakshaver	Sula kommune v/Jørn Agerborg			Telefon:	
Ansvarleg søkar	Asplan Viak v/Anna Hellstrøm			Telefon:	
Plassering	Gnr: 87	Bnr: 183 m.fl.	Adresse:		
Prosjekt type	Reguleringsplan				
Plan framdrift					

Til stades:

For tiltakshavar	For Sula kommune	Andre
Jørn Agerborg	Per Ola Ravnå PBD	Elin Nerem
Anna Hellstrøm	Karina Vestrheim PBO	Terje Endresen
Joakim Sletta		

Orientering gitt om:

Gjeldande regulering, vedtekter m.m.

Området rundt eksisterande reinseanlegg er i dag avsett til framtidig offentlig eller privat tjenesteyting. Vest for planområdet er arealet avsett til Andre typar nærare angitte bygningar og anlegg – Framtidig, og i sørvest er området avsett til Næringsverksemd – Noverande. Arealet nord og aust for dagens reinseanlegg er avsett til framtidig grønstruktur og bevaring kulturmiljø.

Adresse:
Postboks 280
6039 LANGEVÅG

Telefon:
Sentralbord: 70 19 91 00
Saksbeh: 70 19 91 17

E-post:
post@sula.kommune.no
Web:
www.sula.kommune.no

Bankgiro:
4212.23.28079
Skattekonto:
6345 06 15317

Foretaksnr.:
964 980 543

Delar av planområdet er ikkje detaljregulert. Planrådets vestre del er regulert gjennom Reguleringsplan for Djupvika, med ikrafttredelsesdato 27.10.1987. I planen er vegen Tingstadvika regulert gjennomgåande bort til planområdet, og areala rundt er avsett til industri. Det er også avsett areal til naust vest for dagens reinseanlegg.

Spesielle forhold:

Areal nok til å ta hensyn til: HMS for dei som skal betjene pumpestasjonen.
Snuplass for lastebil ved pumpestasjonen.

Vidare saksgang:

Melding om oppstart av planarbeidet. Planprosess (offentlig høyring, politisk behandling, ev. justering av plandokument og til slutt vedtak av plandokument (plankart, føresegner og planbeskrivelse).

Tiltaket kjem ikkje inn under § 6, Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast, då det er eit pumpeanlegg av liten storleik. Pumpeanlegg ikkje er det same som reinseanlegg som angitt i vedlegg1, då anlegget ikkje vil ha jamleg utslepp (berre i unntakssituasjon ved t.d. straumstans), og dagens reinseanlegg blir fjerna. Tiltaket kjem heller ikkje inn under § 8, Planer og tiltak som skal konsekvensutgreiast om dei kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Bokstav a. gjeld reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II. I vedlegg II står nr 11c: Reinseanlegg for spillvatn. Tiltaket fell heller ikkje inn under kategorien reinseanlegg. Tiltaket vil ikkje få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Situasjon etter at tiltaket er etablert vil medføre betring av dagens situasjon med tanke på utslepp.

Vår vurdering er at planen ~~fell~~ ikkje fell inn under krav om konsekvensutgreiing.

Krav til søknader, gebyr og andre kostnader:

Diverse:

Asplan Viak v/Anna Hellstrøm Orienterte om prosjektet:

RA2-Djupvika er i dag reinseanlegg for delar av Sula. Anlegget skal no erstattast av reinseanlegget på Kongshaugstranda, men det er behov for ein ny pumpestasjon for området. Ein treng då noko større område for kommunalteknisk anlegg.

Formålet med planarbeidet i Djupvika er å etablere ny pumpestasjon for overføring av avløpsvatn til reinseanlegget på Kongshaugstranda. Foreslått formål er avløpsanlegg. Ny pumpestasjon vil gjere det mogleg å avvikle dagens reinseanlegg som har utslepp i Borgundfjorden. Stasjonen vil dimensjonast for framtida, og ha god kapasitet for overføring av spillvatnet frå området og fram til det nye reinseanlegget.

Planomriset må få med nok areal til å kunne gjere endring i tomt, vegareal og tilkomst frå/til sjøen. Vil adkomstvegen takle anleggsperioden? Deler av vegen mot Fv 657 bør være med i planomriset? Fiskerstrandvegen og Tingstadvika. Sjå planomriset.

Den nye pumpestasjonen vil ha tilførselsleidningar som skal leggest under bakken. Plassering av disse og endeleg plassering av pumpestasjon må avklarast gjennom

planprosessen. Det er også nødvendig å sikre stad for landtak i reguleringsplanen.

Eksisterande reinseanlegg blir rive og det blir bygd ny avløpspumpestasjon. Ny pumpestasjon vil bli bygd utanfor eksisterande reinseanlegg. Reinseanlegget blir drifta fram til pumpestasjonen er klar til å pumpe avløpsvatnet mot Kongshaugstranda reinseanlegg. Etter at reinseanlegget er satt ut av drift og fjerna, vil anlegg for innføring av reinseplugg bli bygd i dette bygget. Ved enden av pumpeleidingen frå Langevågen skal det byggast kum som er eigna for å ta ut reinsepluggen. Pumpestasjonen blir foreslått bygd som vanleg prefabrikkert stasjon. Pumpestasjonen blir plassert så høgt som mogleg, helst over kote + 6. Leidninga austover blir antatt å bli utført med sjøledning rundt neset, eller som styrt boring fram til Fiskarstand verft.

Oppstatmøte er meint som gjensidig orientering og gir ikkje søkar rettar i den vidare sakshandsaminga.

Referat frå oppstartmøte skal leggjast ved varsel om planoppstart. Vidare framdrift: Følgjande framdrift vart avtalt: Dersom forslagsstillar ønskjer fleire møter med kommunen før planen vert fremma, må det gå fram i oversendingsbrevet at planutkastet er midlertidig og at ein ønskjer det ytterlegarebearbeida før planen vert tatt opp til formell behandling. Dersom forslagsstillar eller interne møtedeltakarar har oppfatta andre signal i møtet må tilbakemelding om dette gjevast innan 2 veker frå mottak av referatet.

Ved alle henvendelsar om denne saka: Oppgi saksnr. 22/2173

Planid: 2022002173.

Om e-post vert brukt skal den sendast til: post@sula.kommune.no

Det er forslagsstillar sitt ansvar å følgje med på i kva møte saka vert tatt opp til behandling.

Med helsing

Karina Vestrheim
Saksbehandlar, plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Vedlegg:

Dato

23.01.2023

09.02.2023

09.02.2023

23.01.2023

23.01.2023

Tittel

Gnr 87 bnr 183 m.fl. Djupvika - planinitiativ

Planavgrensning Djupvika

Mal for fast innhold i referat Oppstart av planarbeid-
09.02.2023

Adr. liste 2021 word 10.05.2021 SULA KOMMUNE

Føresegner til arealplanen

